



Vestfold
og Telemark
revisjon

Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Fyresdal kommune

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1.	Bakgrunn	4
1.2.	Metode – grunnlag for risikovurderinga	4
1.3.	Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	5
2.	Gjennomførte revisjonar	6
3.	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	7
4.	Om Fyresdal kommune	8
4.1.	Demografi	8
4.2.	Kommunen si organisering	8
4.3.	Økonomi	8
5.	Økonomi og stab, tverrgåande tema og interkommunale ordningar	9
5.1.	Internkontroll	9
5.2.	Budsjettering og rapportering	10
5.3.	Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær	10
5.4.	Berekraft, klima og miljø	10
5.5.	Beredskap	12
5.6.	Etikk, habilitet og varsling	12
5.7.	Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn	13
5.8.	Informasjonstryggleik og personvern	14
5.9.	Innkjøp	14
5.10.	Flyktingar og innvandring	15
5.11.	NAV Vest-Telemark – sosiale tenester	15
5.12.	Barneverntenesta	16
5.13.	Samhandling – førebygging - utanforskap	17
6.	Kommunalområde Helse og omsorg	18
7.	Kommunalområde Kultur og oppvekst	19
7.1.	Barnehage og grunnskule	19
7.2.	Pedagogisk psykologisk teneste	21
8.	Kommunalområde Plan og teknisk	21
8.1.	Plan og byggjesak	21
8.2.	Eigedom og investeringar	22
8.3.	Vatn, avløp, renovasjon, brannvern	22
9.	Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	24

9.1. Eigarskapskontroll	24
9.2. Forvaltningsrevisjon i selskap	25
Vedlegg 1: Oversikt over selskap.....	27
Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt.....	30

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap. Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring. Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 9.

Plan for forvaltningsrevisjon skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for eigarskapskontroll skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen og kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Fyresdal kommune, jf. kontrollutvalet si sak 15/23 og 04/24.

1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Risikovurderinga er overordna, og det kan vere noko usikkerheit ved informasjonen vi byggjer på. Det kan også skje endringar i risikobildet i løpet av planperioden. Vi byggjer vi på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA og annan statistikk
- informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtale med kommunedirektør og ordførar
- innspel frå administrasjon, tillitsvalde og sentrale politikarar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet
- forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra

- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege organ

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. På dei store tenesteområda må det derfor gjerast ei nærare vurdering av risiko og vinkling i samband med bestillinga.

Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar

Avtroppande kontrollutval gav i følgjande innspel til risikovurderinga, jf. sak 11/23:

Fyresdal kontrollutval avsluttar forvaltningsrevisjonsprosjektet av Vest Telemark PPT IKS.

Kontrollutvalet ber om at prosjektet blir tatt med i vurdering av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for neste periode.

I sak 4/24 har kontrollutvalet gitt innspel om forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og habilitet.

Innspel frå kommunedirektør og ordførar

Kommunedirektør har gitt fleire innspel, og løfta særleg fram internkontroll som tema.

Vi har ikkje fått innspel frå ordførar.

Innspel frå kommunalsjefar og tillitsvalde

Her har vi fått innspel om ulike tema for forvaltningsrevisjon innan helse og omsorg og grunnskule.

I tillegg har det kome innspel knytt til internkontroll, personalforvaltning (rekruttering og oppfølging av sjukemelde og tiltak for å behalde personell) og saksutgreiing og gjennomføring av politiske vedtak

1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis ein rapport om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Fyresdal kommune, fordelt over fire år. Talet på rapportar er avhengig av tema og innretning på undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

2. Gjennomførte revisjonar

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar/selskapskontrollar 2016-2023

Tema	År
Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark - sjølvkost på feietenester	2017
Gimle skule - kvalitet i skolen	2017
Renovasjon og feiing – sjølvkost og gebyr	2019
Innkjøp	2021
Sakshandsaming – byggesak	2023

Forenkla etterlevingskontroll 2020-23¹

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.² Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik for funna. Ein forenkla etterlevingskontroll vil kunne avdekke eller avkrefte behov for forvaltningsrevisjon. I Fyresdal kommune har revisor kontrollert følgjande tema:

- Rekneskapsåret 2019: Anskaffingar – avvik – manglande protokoll og konkurranse
- Rekneskapsåret 2020: Sjølvkost (plan, byggesak, oppmåling) – ingen avvik
- Rekneskapsåret 2021: Etterberekning av opphaldsbetaling for opphald i institusjon – ingen avvik
- Rekneskapsåret 2022: Sjølvkost – (plan, byggesak, oppmåling) – ingen avvik
- Rekneskapsåret 2023: Attestasjon og anvising

¹ Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved kommunelova av 2018, og vart gjennomført første gong i 2020.

² Jf. kommunelova § 24-9

3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Tabellen viser kvar vi, basert på risikovurderinga, meiner det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Opplistinga er kronologisk.

Tema	Vinkling/Kommentar	Kap
Internkontroll	Kommunen sitt arbeid med internkontroll – risikovurderingar, avvikssystem, forbetningsarbeid. Kan gjerast overordna og generelt, eller til dømes vinklast mot informasjonstryggleik og personopplysningar, eller eit definert tenestemråde.	5.1, 5.7, 6.1
Sjukefråvær	Kommunen sitt systematiske arbeid med å førebyggje og redusere sjukefråvær.	5.2
Berekraft, klima og miljø	Gjennomføring av klimatiltak – måloppnåing – i kommune og selskap	5.3
Etikk, varsling og habilitet	Kommunen sine retningsliner og rutinar, risikovurderingar, tiltak og arbeid med etikk, varsling og habilitet.	5.5
Samhandling, førebygging, utanforskap	Gjennomføring og måloppnåing av felles plan, Vegen mot livsmeistring. Bør gjerast felles for alle kommunane.	5.12
Helse og omsorgstenester	Det har ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjon av desse tenestene dei siste åra. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	6.1
Byggjesak – tilsyn	Det har vore endringar i verksemda. Eventuelt seint i perioden.	8
Eigarskapskontroll	Generell eigarskapskontroll med eit selskap, eller eit utval selskap	9.1

4. Om Fyresdal kommune

4.1. Demografi

I tredje kvartal 2023 er det 1253 innbyggjarar i Fyresdal, og folketallet auka i 2022. Det er venta ein nedgang i folketallet fram mot 2030.³ Fyresdal har lågare andel born og høgre andel som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet. Ein lågare andel av innbyggjarane enn landsgjennomsnittet har innvandrarbakgrunn, men andelen er litt høgre enn gjennomsnittet i kommunegruppa.⁴

4.2. Kommunen si organisering

Administrasjonen er delt inn i tre etatsområde med kvar sin etatssjef:

- Helse og omsorg
- Kultur og oppvekst
- Plan og teknikk

Omstillingsprosjektet, Økonomi og stab ligg under kommunedirektøren.

Samarbeidsordningar

Fyresdal kommune er med i fleire interkommunale samarbeid om kommunale oppgåver.

Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til.

Kommunen er også deltakar i selskap/ulike sjølvstendige rettssubjekt. Oversikt over selskapa og vurdering av risiko knytt til eigarskap og selskap står i kapittel 9 og vedlegg 1.

4.3. Økonomi

KOSTRA 2023	Fyresdal kommune	Gruppesnitt	Landsgj.snitt *
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	13,5 %	2,6 %	1,0 %
Netto renteesponert gjeld ⁵ i prosent av brutto driftsinntekter	-3,4 %	29,9 %	50,1 %
Frie inntekter per innbygger	90 826 kr	88 749 kr	68 010 kr
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	9,7 %	18,6 %	13,35 %

Tabell 1: Tall fra Kostra pr 05.04.2024

³ Statistisk sentralbyrå – Kommunefakta, november 2023.

⁴ Kostra-gruppe 14: kommunar med 600 til 1 999 innbyggere og lave eller middels frie disponible inntekter per innbygger

⁵ Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kommunen kan disponere til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat i Fyresdal kommune i 2023 var 13,5% av driftsinntektene. Tabellen viser at driftsresultatet i Fyresdal kommune ligg langt over det anbefalte nivået frå TBU, kommunegruppesnittet og landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar budsjettbalansen er for renteauke. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligg Fyresdal kommune lågt i forhold til gruppesnitt og landssnitt. Ein auke i renta vil ha mindre verknad på budsjettet enn kommunane vi samanliknar med.

Dei frie inntektene består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Frie inntekter per innbyggjar seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Fyresdal er i KOSTRA-gruppe 14, der alle har lave eller middels frie inntekter per innbyggjar. Kommunen ligg over dette snittet og landsgjennomsnittet.

Fri eigenkapital drift er det som i kommunerekneskapen heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som kommunen kan bruke fritt til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsregnskapet, og er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen viser at Fyresdal kommune har mindre buffer enn gruppesnittet og landsgjennomsnittet.

5. Økonomi og stab, tverrgående tema og interkommunale ordningar

5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både tverrgående og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova.

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen. Det er ikkje omtale av internkontroll i kommunen si årsmelding for 2022. Det har kome innspel om internkontroll frå kommedirektør og kommuneleiinga.

Vurdering

Vi har lite informasjon om kommunen sin internkontroll, og meiner at det kan vere risiko her. Mangelfull internkontroll kan føre til lovbrøt og dårleg kvalitet i sakshandsaming og tenesteyting. Ein forvaltningsrevisjon kan seie noko om kvaliteten på internkontrollarbeidet, og kan bidra betre kultur for internkontroll blant tilsette.

5.2. Budsjettering og rapportering

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid. Kommunen skal utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi og for utviklinga i lokalsamfunnet.

Kommunestyret sjølv skal vedta årsbudsjett og økonomiplan for dei fire åra i valperioden. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise prioriteringane til kommunestyret og løyvingar og dei måla og premisane som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege. Årsbudsjettet er bindande.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskap og årsmelding seinast seks månader etter slutten av rekneskapsåret. Minst to gonger gjennom året skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, jamført med budsjettet.

Vurdering

Vi er ikkje kjende med forhold til tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.3. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt kompetanse, førebygge og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid. Kommunedirektøren meiner at kommunen ikkje har store vanskar med rekruttering.

Kommunen har eit mål om at sjukefråværet skal vere under 6%. I 2022 var sjukefråværet 8,07%. Kontrollutvalet har spela inn ynskje om ein forvaltningsrevisjon på dette området.

Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko knytt til arbeidet med å nå kommunen sitt mål om at sjukefråværet skal vere under 6%.

5.4. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FN's berekraftsmål skal leggjast til grunn for samfunns- og

arealplanlegginga i kommunane. I dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing står det at kommunane i den overordna planlegginga si skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør setje ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen⁶ som vart inngått i desember 2022, har Noreg m.a. forplikta seg til at tap av natur skal stoppast og reverserast innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.

Figur 1 FNs berekraftsmål



Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å *vareta livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planstyresmakt, sjå pkt. 8
- innkjøpar av varer og tenester, sjå pkt. 5.8
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur, sjå pkt. 8

Det er forventa at krava til berekraftsarbeidet i kommunane vil auke i planperioden.

Det er utarbeida eit forslag til felles klimaplan for Vest-Telemark. Planforslaget er knytt opp mot berekraftsmåla. Det er forslag til mål og tiltak for kommunane og andre aktørar innan arealforvaltning, jordbruk, skogbruk, transport, sirkulærøkonomi og avfall, enøk og innkjøp. Planen

⁶ Kunming-Montreal Global biodiversity framework

er vedtatt av alle kommunane, unntatt Fyresdal, som vedtok sin eigen plan i juni 2023, for å få tiltaka betre tilpassa til kommunen.

Vurdering

På generelt grunnlag kan det vere risiko for at planlagde tiltak ikkje vert gjennomførte. Ein forvaltningsrevisjon av klimatilpassing og/eller klimatilpassing kan vere nyttig. Klimatilpassing vil eventuelt passe best noko ut i perioden.

5.5. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark fører tilsyn med alle kommunane i løpet av valperioden. Statsforvalteren hadde tilsyn i Fyresdal i 2020. Tema for tilsynet var om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Tilsynet også på delar av beredskapsarbeidet på sektornivå, innanfor helse- og omsorgssektoren og utdannings- og oppvekstsektoren. Kommunen fell avvik fordi overordna ROS-analyse ikkje var oppdatert. Neste tilsyn er planlagt i 2024. Fokus på beredskapsarbeid er nemnt som overordna mål i økonomiplanen.

Vurdering

I og med at det er planlagt nytt tilsyn i 2024, meiner vi at det ikkje er grunn til å prioritere forvaltningsrevisjon av det generelle beredskapsarbeidet i Fyresdal. Beredskap kan eventuelt vurderast som deltema dersom ein gjer forvaltningsrevisjon på eit tenestemråde der det er relevant, eller som del av klimatilpassing.

5.6. Etikk, habilitet og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunane er tillitsskapande. KS og Transparency International Norge (TI) gir tilrådingar om tiltak som kan bidra til ein høg etisk standard. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for planlagde og iverksette tiltak

Kravet til habilitet gjeld for alle tilsette og politikarar. Den tilsette skal sjølv vurdere sin habilitet. Politikarar har sjølv ansvaret for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet, medan det er det folkevalde organet som avgjer om vedkomande er habil eller ikkje. For å sikre at habilitet blir handtert i samsvar med gjeldande krav, bør det gjerast risikovurderingar, og kommunen bør ha rutinar som sikrar at habilitet blir vurdert og at inhabilitet blir handtert.

Det går fram av årsmeldinga for 2022 at kommunen har etiske retningsliner som er ein del av dei personalpolitiske retningslinene (PPR). PPR blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett og i Compilo.

Arbeidstakarar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar vågar å seie frå om kritikkverdige forhold, og dermed til å hindre og betre desse. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel. Ein god yringskultur hjå dei tilsette og gode rutinar rundt varsling er viktig for lokaldemokrati og tenestekvalitet. Det er derfor viktig at arbeidstakarar i kommunen opplever at det er trygt å ytre seg kritisk om kritikkverdige forhold i eiga verksemd.

Varsling er ikkje omtala i kommunen si årsmelding. Gode rutinar og kunnskap om varsling både hjå arbeidsgivar og arbeidstakar er viktig for å sikre at varslingsinstituttet fungerer godt og at varsel om kritikkverdige forhold blir handsama i samsvar med gjeldande krav.

Vurdering

Alle verksemdar må arbeide kontinuerleg med å sikre høg etisk standard og eit trygt yringsklima. Vi meiner det generelt kan vere risiko knytt til kommunen sitt arbeid med etikk og varsling, og at dette bør prioriterast for forvaltningsrevisjon frå tid til anna. Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av etikk og varsling i Fyresdal kommune dei siste 10 åra. Ein slik forvaltningsrevisjon vil gjerne vere retta mot og involvere alle tilsette i kommunen. På denne måten kan det bidra både styringsinformasjon og til læring og forbetring i heile organisasjonen. Om ynskjeleg kan ein også inkludere politisk nivå.

Habilitet har vorte aktualisert gjennom fleire saker i rikspolitikken siste året. Vi har ikkje grunnlag for å tru at det er særskilt risiko knytt til inhabilitet i Fyresdal, bortsett frå at det er ein liten kommune der det kan vere tette band. Vi nemner likevel tema her, fordi det i ein forvaltningsrevisjon om etikk og varsling kan vere føremålstenleg å ta med ei undersøking av kommunen sine tiltak for å sikre habilitet. Dette tema er også spela inn frå kontrollutvalet.

5.7. Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultatane i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26, mens minste poengsum er -15 (det er mogleg å få minuspoeng). Lågaste poengsum ein kommune fekk i 2023 var 0 poeng. Fyresdal kommune fekk 12,5 poeng. Beste kommune i Vestfold og Telemark hadde 24 poeng, lågaste hadde 3 poeng.

Vurdering

Det har ikkje vore tilsyn frå Arkivverket dei siste åra, og det er heller ikkje planlagt tilsyn med Fyresdal. Arkiv og journal er eit viktig område for å sikre dokumentasjon og innsyn, viktige føresetnader for lokaldemokratiet. Det kan med fordel gjerast forvaltningsrevisjon av dette temaet

med jamne mellomrom, men vi er ikkje kjende med forhold som peikar mot særskilt risiko på dette området i Fyresdal.

5.8. Informasjonstryggleik og personvern

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre behandlinga til kommunen av informasjon, både når det gjeld sikring av IT-system, tilrettelegging av prosessar/arbeidsoppgåver, og kompetanse og opplæring hos dei som utfører oppgåvene. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemdar, og mange har ikkje eit forsvarleg tryggingnivå for å verne informasjonen sin.

Kommunen behandlar personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar. Kommunen pliktar å ha eigna tiltak for å sikre forsvarleg behandling av personopplysningane. Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei. Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

IKT-tenestene til Fyresdal er frå 1.1.2024 organisert i Vest-Telemark driftssenter KO, med Vinje som kontorkommune. Driftssenteret hadde ein ekstern gjennomgang av informasjonstryggleiken i 2022, og har innført nye rutinar og verktøy/løysingar etter det. Fyresdal har informasjonsrådgivar og personvernombod. Kommunen har hatt avvik som er melde til Datatilsynet, og kommunedirektør opplyser at ein har gjort ein innsats for å ivareta dette området betre etter desse hendingane.

Vurdering

Det er generelt aukande risiko knytt til informasjonstryggleik, og informasjonstryggleik og personvern må ivaretakast i alle delar av kommunen. Det vil såleis alltid vere ein viss risiko for svikt. Det kan vere nytte av ein gjennomgang av internkontroll og praksis i kommunen. Det kan også bidra til større merksemd på informasjonstryggleik blant tilsette. På den andre sida er det gjort fleire tiltak og aktivitetar for å ivareta krava til informasjonstryggleik og personvern. Organisering av IT-verksemda i større einingar bidra til å sikre kompetansen og redusere risikoen. Det var ein gjennomgang av informasjonstryggleiken ved driftssenteret i 2022. Vi har difor ikkje foreslått dette tema for forvaltningsrevisjon.

5.9. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptrer med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping,

ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blir kravet om å ta miljøomsyn skjerpa, og hausten 2023 er det foreslått endra reglar om bruk av lærlingar.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjerast og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktekjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemder kan delta i konkurransen om oppdrag.

Det var forvaltningsrevisjon av innkjøp i 2021.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko, anna enn at det eventuelt kan vere risiko knytt til å nå mål i klimaplanen, sjå pkt. 5.4.

5.10. Flyktningar og innvandring

Kommunen har ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnsfag både til innvandrarak og asylsøkjarak i mottak, og dessutan introduksjonsprogram for innvandrarak 18 – 55 år med opphaldsløyve og som er busett i kommunen etter avtale med integreringsstyresmaktene.

Fyresdal kommune busette 32 flyktningar i 2023, og er anmoda om å ta imot 30 i 2024. Kommunen har inngått avtale med Larvik læringscenter, for å utforske digitale måtar å drive norskopplæring på. Larvik læringscenter stiller med utdanna lærarak med undervisningserfaring ifrå introduksjonsprogram i samsvar med integreringslova. Fyresdal kommune har administrative oppgåver rundt organisering, skal stille som hjelpelærarak i undervisningsromma mm.

Integrering og busetjing er spela inn som mogleg risikoområde av tillitsvalde.

Vurdering

Press på tenestene kan gi ein risiko for at kommunen ikkje får gitt lovpålagde tenester eller sikra eit godt integreringsarbeid. Bortsett frå innspel frå tillitsvalde har vi ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området i Fyresdal.

5.11. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester⁷

Formålet med sosialtenestelova er å betre levakåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiane deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

⁷ NAV er omtala her, då det organisatorisk er lagt til Planområde 1 Sentraladministrasjonen

Kommunen skal ha kunnskap om levekåra til innbyggjarane, finne førebyggjande tiltak og tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar taler mot det. Kunnskap om og omsyn til barn sin situasjon skal vere med i sakshandsaminga.

NAV Vest-Telemark vart etablert 1.1.2020, og er eit vertskommunesamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune, og kontoret har 26 tilsette på Dalen. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving. Det er Tokke som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Tokke som har innsynsrett i denne tenesta.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har nesten dobla seg i Fyresdal, og det har vore ein auke også nasjonalt. Auken i talet på flyktingar bidreg til å legge press på denne tenesta.

Statsforvaltar hadde tilsyn med NAV-kontoret på slutten av 2022. Tema for tilsynet var kartlegging og vurdering av barns behov. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg. Statsforvaltar hadde elles eit godt inntrykk. Kommunedirektøren er nøgd med samarbeidet om NAV-kontor. Etter tilsyn frå Arbeids- og velferdsetaten skal det setjast i verk tiltak for å betre tryggleiken for tilsette ved dei ulike NAV-kontora. For tida er difor dei lokale kontora stengt. Det er uklart kven som har ansvaret for å gjennomføre oppgraderingane, og når dette skal gjerast. Kommunen ventar på avklaring frå fylkesleiinga i NAV.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko på dette området. Det kan vere risiko knytt til samhandling, førebygging og utanforskap, sjå pkt. 5.13.

5.12. Barneverntenesta

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barneverntenesta skal vareta ei sårbar gruppe som ikkje alltid kan vareta egne behov og ønskjer. Det er derfor særleg viktig at barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å gjere rette vedtak og ha tilstrekkeleg oppfølging. Krava til kompetanse er styrkte i ny barnevernslov.

Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester, og det tilrådd at det blir inngått samarbeidsavtalar, m.a. med NAV og med psykisk helsevern for barn og unge i helseføretaka.

Kviteseid kommune er vertskommune for barneverntenesta i kommunane i Vest-Telemark. Det er kontrollutvalet i Kviteseid som har innsynsrett i denne tenesta.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark har totalt 17,2 årsverk fordelt på til 19 tilsette. Barneverntenesta har i 2023 levert tilstandsrapport til kommunane, der det er gjort greie for organisering, aktivitet, økonomi og strategi for framtida.

I tilstandsrapporten vurderer barnevernleiar at arbeidet med meldingar, undersøkingar og tiltak fungerer godt. Talet på barn og unge som har fått hjelp av barnevernet i Noreg har gått ned frå 2021 til 2022. Det gjeld også talet på bekymringsmeldingar og andelen av bekymringsmeldingane som går vidare til undersøkingssak. Talet på saker totalt i Vest-Telemark har vore relativt stabilt, men barneverntenesta har fleire krevjande saker og utfordrande omsorgssituasjonar.

Barnevernet har overtatt statlege oppgåver på fosterheimsområdet og den statlege refusjonsordninga knytt til utgifter til fosterheimar blei fjerna då reforma trådte i kraft 01.01.2022. Barnevernsleiar er svært bekymra for dei økonomiske konsekvensane barnevernsreforma vil kunne få for Vest-Telemark då kommunane gjennom reforma fått eit auka økonomisk ansvar for barnevernet. Analyser tyder på at dei forventede rammeoverføringane frå staten ikkje vil kompensere for dei reelle utgiftene til barnevernet framover.

Kommunane i barnevernsamarbeidet har organisert det førebyggjande arbeidet sitt etter same modell.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta, bortsett frå at det kan vere lite føreseielege økonomiske utfordringar. Det kan vere noko risiko knytt til samhandling og førebyggjande arbeid, sjå pkt. 5.13.

5.13. Samhandling – førebygging - utanforskap

I ny barnevernslov fekk kommunen ansvar for å forebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom førebyggjande tiltak, slik at omsorgsovertaking eller andre inngripande tiltak seinare i barnet sitt liv blir mindre sannsynleg. Kommunen skal vidare sørge for å samordne tenestetilbodet til barn og familiar. Kommunestyret skal vedta ein plan for dette arbeidet.

Kommunane i Vest-Telemark har vedtatt ein felles plan, Vegen mot livsmeistring, og det er lagt opp til av kvar kommune skal lage ein lokal del av planen, tilpassa eigen kommune. Det førebyggjande arbeidet er organisert etter same modell i dei samarbeidande kommunane.

Vurdering

Det kan vere risiko for at samarbeidet mellom tenestene i kommunen og dei interkommunale ordningane ikkje fungerer som ynskt og planlagt. Manglande førebygging kan koste dyrt både menneskeleg og økonomisk. Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko her, men ein forvaltningsrevisjon kan gi god informasjon om det førebyggjande arbeidet fungerer.

Forvaltningsrevisjonen kan eventuelt gjerast for dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

6. Kommunalområde Helse og omsorg

Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege, det skal vere dokumentert internkontroll, og drifta skal organiserast slik at helsepersonell er i stand til å utføre forsvarlege tenester. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan ha betydning både for økonomien og kvaliteten i tilbudet.

Helse og omsorgstenestene spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse oppgåver. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom, gravide og barsel
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphald i sjukeheim eller bustad tilrettelagt for heildøgns tenester
- personleg assistanse - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidingar
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar
- velferdsteknologi
- sakshandsaming – tildeling av tenester

Fyresdal kommune har mål om å ta aktivt i bruk velferdsteknologi for å effektivisere tenestetilbodet, sikre heilskaplege tenester gjennom tverrfagleg samhandling og god kommunikasjon, og å vidareutvikle dagtilbod for heimebuande eldre.

I 2022 var det overforbruk i høve til budsjett, og netto driftsutgifter per innbyggjar har var høgere enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Overforbruket skuldast delvis behov for innleige frå vikarbyrå. Kommunedirektør opplyser at kommunen arbeider med to store prosjekt innan helse og omsorg.

Eit prosjekt handlar om tildeling av tenester og eit prosjekt handlar om oppgåvefordeling mellom faggrupper. Kommunedirektør meiner at ein ikkje har mangel på kvalifisert personell.

Kommunen vil også sikre tidleg inngripen i høve til barn og unge, både når det gjeld førebygging og behandling. Kommunedirektør opplyser at ein felles plan for Vest-Telemark er handsama i alle kommunane, og at kvar kommune skal lage sin handlingsplan under denne.

Fyresdal har ikkje hatt tilsyn frå Statsforvaltaren eller forvaltningsrevisjon innan helse og omsorg dei siste åra. Det har heller ikkje vore forvaltningsrevisjon innanfor helse og omsorgstenester.

Frå leiinga i kommunen har vi fått innspel om forvaltningsrevisjon knytt til internkontroll og samhandling/pasientflyt. Frå tillitsvalde har vi fått innspel om fleire moglege tema, mellom anna kvalitet og pasienttryggleik, samhandling og pasientflyt, tildeling av tenester, legemiddelhandtering og velferdsteknologi.

Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko innanfor helse- og omsorgstenester, og at det kan vere nyttig å bruke ressursane til forvaltningsrevisjon her. Vi vil tilrå at ein eventuelt vurderer nærare tema/vinkling i samband med kontrollutvalet si bestilling.

7. Kommunalområde Kultur og oppvekst

På barnehageområdet skal kommunen mellom anna drifte eigne barnehagar, samordne opptak, godkjenne og føre tilsyn både etter barnehagelova og etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Kommunen skal sjå til at grunnskuleopplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev. Det skal også vere tilbod om skulefritidsordning.

Det er krav til bemanning i barnehagar og skular, både når det gjeld kompetanse og tettleik.

For å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø har barnehagar og skular ei undersøkings- og aktivitetsplikt, og skal vere merksame på om barn kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller et individuelt tilrettelagt tilbod.

7.1. Barnehage og grunnskule

Barnehage

Statsforvaltaren hadde i 2022 tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Tilsynet viste at kommunen ikkje har hatt tilsyn med barnehagen sidan 2015, og gav fleire pålegg om retting knytt til tilsynsansvaret.

Kommunen oppfylte pedagognorma med dispensasjon i 2023. I årsmeldinga for 2022 er det omtale av fleire tiltak for å sikre god kvalitet i barnehagen. Foreldreundersøkinga gir stort sett gode skår, bortsett frå når det gjeld talet på born per vaksen og informasjon om endringar i personalet. Det kan vere utfordringar knytt til bemanning når det gjeld kompetanse, behov for dispensasjon og sjukefråvær.

Grunnskule

Kvart år skal kommunen legge fram ein rapport om tilstanden i grunnskulen om læringsmiljø, resultat og fråfall. Rapporten skal drøftast av kommunestyret. Tilstandsrapporten for skuleåret 2022-23 viser at lærarnorma er oppfylt på alle trinn, men at det har vore utskiftingar, endringar og utfordringar knytt til leiing og organisering.

Når det gjeld læringsmiljø får Fyresdal lågare resultat i 2022-23 enn i 2020-21, og kommunen ligg litt lågare enn gjennomsnittet i fylket på nesten alle parameter. Elevundersøkinga for 2023-24 ligg litt lågare på trivsel, motivasjon og felles reglar enn snittet i fylket og landet.

Tal for mobbing går ikkje fram av statistikken pga. omsynet til personvern. Det går fram av tilstandsrapporten at ein kjenner til at det er mobbing og at skulen arbeider med dette.

Resultat frå dei nasjonale prøvene viser at Fyresdal i lesing ligg høgare enn gjennomsnittet i fylket og landet. Grunnskulepoenga (resultat ut frå 10. klasse) ligg litt lågare i Fyresdal enn i fylket og nasjonalt, og viser ein liten nedgang sidan 2020.

Skulefråværet har auka kraftig på landsnivå frå 2020 til 2023. Skulefråværet i Fyresdal er lågare enn i fylket og landet, men det har auka meir i Fyresdal enn auken i landet og i fylket.

Det var forvaltningsrevisjon av kvalitet i skulen i Fyresdal i 2017, der vi såg på korleis kommunen hadde følgt opp tiltak etter tilsyn frå fylkesmannen⁸. Det vart gitt fleire tilrådingar.

Statsforvaltar hadde tilsyn med skulemiljø ved Gimle skule i 2023. Det vart avdekt fleire lovbrøt, og kommunen fekk pålegg om å rette opp forholda. Frist for å gi tilbakemelding er 6. mai 2024. Kommunedirektøren opplyser at kommunen arbeider aktivt og får støtte frå Statsforvaltar på dette området, og at ein også tek del i eit prosjekt i regi av KS.

I spørjeundersøkinga har vi fått innspel om forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø, spesialundervisning og SFO.

Vurdering - barnehage og skule

Det er opne tilsyn frå Statsforvaltaren med fleire avvik innan skule, og det har også vore tilsyn med fleire avvik knytt til kommunen som barnehagemynde – tilsyn med barnehage.

⁸ No Statsforvaltaren.

Vi meiner at det er risiko på dette området, men at det er naturleg å vurdere behovet for forvaltningsrevisjon opp mot den informasjonen ein har etter dei statlege tilsyna og det arbeidet som pågår med å rette avvika knytt til skulemiljø.

Dersom ein vil prioritere forvaltningsrevisjon på dette området, kan fleire andre tema vere aktuelle, til dømes tidleg innsats og spesialundervisning, eller kvalitet i skule/barnehage. Dette bør eventuelt vurderast nærare og bestemast ved bestilling, og ein bør eventuelt vente til etter at Statsforvaltaren sitt tilsyn er lukka.

7.2. Pedagogisk psykologisk teneste

Alle kommunar skal ha ei pedagogisk psykologisk teneste, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. Fyresdal er deltakar i og får slike tenester frå Vest-Telemark PPT IKS, som har kontor i Kviteseid. Sjå også omtale i kap. 9.

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med PPT i 2022. Formålet med tilsynet var å kontrollere om PPT oppfylte krava i regelverket om å utarbeide sakkunnige vurderingar, og om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for betre å legge til rette for elevar med særskilde behov. Statsforvaltar fann fleire regelbrot under tilsynet. Dette gjaldt mellom anna at PPT brukte for lang tid på å utarbeide sakkunnige vurderingar.⁹

Kontrollutvala i dei seks Vest-Telemark-kommunane har bedt om at PPT blir vurdert for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, fordi planlagt eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon i førre periode vart avlyst/utsett. Planlagt tema var kommunane si eigarstyring av selskapet, om selskapet si styring var i samsvar med selskapsreglane, og om kommunane og selskapet hadde gode tiltak for å følgje opp ressursbruk og leveransar frå selskapet til kvar kommune. Det er i ettertid gjort utgreiingar og vurderingar knytt til organisasjonsform mm. Desse spørsmåla skal handsamast i kommunestyra i 2024.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til PPT, men dersom organiseringa av selskapet blir endra, meiner vi at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon av PPT i si noverande form. Ein forvaltningsrevisjon av PPT må eventuelt vurderast når organisering er avklart, og leggest mot slutten av perioden.

8. Kommunalområde Plan og teknisk

8.1. Plan og byggjesak

Det var forvaltningsrevisjon knytt til byggjesakshandsaming i 2023

⁹ Vest-Telemark PPT IKS er også omtala i kapittel 9 om eigarskapskontroll.

Det har vore større endringar innan dette området i 2023-2024. Kommunedirektøren meiner at ein etter dette kunne ha god nytte av å sjå på kommunen sitt arbeid med tilsyn og kontroll med byggesaker, oppfølging av ulovlege byggetiltak m.v.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til byggesak. Det er gjort større endringar etter forvaltningsrevisjon i førre periode. I samsvar med vurderingane frå kommunedirektør, bør ein eventuell forvaltningsrevisjon kome først litt ut i valperioden.

8.2. Eigedom og investeringar

Kommunale eigedommar har stor verdi. God eigedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarar gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for eigedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar gode avgjerdsgrunnlag.

Det er som regel risiko knytt til kommunale investeringsprosjekt, og konsekvensane kan bli store. Det kan mellom anna vere risiko ved planlegging og saksutgreiing, val av løysing, kostnadsramme, anskaffingsprosess, prosjektstyring, kontraktsoppfølging og overtaking. Kommunen bør ha klare styresmakts- og ansvarsforhold og tiltak for å sikre gode prosessar både i planlegginga og gjennomføringa av investeringsprosjekt.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko på dette området.

8.3. Vatn, avløp, renovasjon, brannvern

Det var forvaltningsrevisjonar knytt til sjølvkost VA, brannvernssamarbeidet og renovasjon i 2017 og 2019.

Vatn og avløp

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker vassforsyning i samsvar med drikkevassforskrifta. Avløpshandteringa skal vere i samsvar med forureiningslova. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko på dette området.

Renovasjon

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall. For å oppnå betre ressursutnytting av avfall, verne miljøet og redusere klimagassutslepp er det krav om sortering og sorteringsgrad med ulike fristar for ulike avfallsfraksjonar, t.d. 50% av matavfallet skal vere sortert ut innan 2025. Kommunen skal ha kunnskap om og dokumentasjon på oppnådd utsorteringsdel per år, og dessutan oversikt over årleg mengd matavfall, park- og hageavfall og plastavfall som er utsortert

og levert til materialgjenvinning. Kommunen må sørge for gode system og tiltak for å vareta desse krava.

Handteringa til kommunen av hushaldsavfall skal finansierast gjennom eit avfallsgebyr, som blir fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet.

Hushaldsavfall pr innbyggjar i Fyresdal er ifølgje KOSTRA 368,8 kg pr år. Det er på nivå med gjennomsnittet for innbyggjarane i landet utanom Oslo (367 kg) og litt lågare enn for innbyggjarane i KOSTRA-gruppe 6 (377 kg). Den delen av avfallet som blir levert til materialgjenvinning (inkl. biologisk behandling) er litt lågare i Fyresdal enn i kommunane vi samanliknar med. Frå 2023 blei det innført kjeldesortering også for fritidsbustader i kommunane.

Ifølgje tal frå KOSTRA var årsgebyret for avfallstenesta i 2023 kr 2 272 for innbyggjarane i Fyresdal. Gjennomsnittet i landet utanom Oslo var kr 3 557 og i KOSTRA-gruppe 6 kr 3 803.

Renovasjosselskapet RENOVEST IKS sørger for handtering av hushaldsavfallet og slamtømming i kommunane Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke og Kviteseid. Selskapet har hovudkontor i Kviteseid. RENOVEST tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet. Sjå også kap. 9.2 om Renovest IKS.

RENOVEST tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet.

Det var forvaltningsrevisjon av sjølvkost i 2019.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

Brann

Kommunen pliktar å sørge for etablering og drift av eit brannvesen. Oppgåvene til brannvesenet er å sørge for beredskap ved brann og å drive førebyggjande arbeid.

Det førebyggjande brannvernarbeidet inneber m.a. kartlegging av brannobjekt og utsette grupper, og dessutan tilsyn og feiling av fyringsanlegg i bygningar, inkludert fritidsbustader.

Kommunen kan ta gebyr for tilsyn og feiling. Gebyret skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Brannvern og branntilsyn i Fyresdal kommune er organisert som eit interkommunalt selskap, (Vest-Telemark brannvern IKS) saman med kommunane Vinje, Seljord, Tokke, Nissedal og Kviteseid. Sjå også kap. 9.2.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at et er særskilt risiko på dette området.

9. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

9.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring. Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS), samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.¹⁰

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Nokre eigarskapskontrollar blir gjort i kombinasjon med forvaltningsrevisjon i selskapet.

Eigarskap og eigarstyring i Fyresdal

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar ha vedtatt ei eigarskapsmelding innan utgangen av 2023. Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene.

Fyresdal kommune eig fleire selskap, både åleine, saman med andre kommunar og saman med private aktørar.

Fyresdal kommune har eigarskapsmelding for perioden 2019-2022. I eigarskapsmeldinga er det informasjon om kommunen sine eigarstyringsprinsipp og oversikt over kommunen sine eigarinteresser i 2019, med formål med eigarskapen og vurderingar av vidare strategi for eigarskapen.

Det var ikkje generell eigarskapskontroll i Fyresdal i førre periode.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar, går fram av vedlegg 1 og 2.

¹⁰ Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er generelt risiko for at eigarstyring ikkje får tilstrekkeleg merksemd i folkevaldopplæringa, at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana. Det kan også vere risiko for at eigar sine forventningar til selskapa ikkje blir formidla og etterspurt av eigar.

Når kommunen eig selskap saman med stat og/eller private, har ikkje kontrollutvalet rett til innsyn i verksemda. Manglande innsyn og informasjon kan skape ein ekstra risiko, og kan gi utfordringar i eigarstyringa.

Val av styre er den viktigaste oppgåva eigar har. Kva som er ei føremålstenleg organisering av styrevalprosessane kan variere for heileigde og deleigde selskap, og også ut frå storleiken, organisasjonsforma og verksemda til selskapa. Forslag til styresamansetjing frå selskapa sine valkomitear er generelt ofte er lite greidd ut og lite dokumentert.

Vi meiner det er alminneleg risiko knytt til eigarstyringa i Fyresdal. Ein eventuell eigarskapskontroll kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap.

9.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap. Selskap og tema som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon er beskrivne i vedlegg 1.

Prioritering av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- selskap der kontrollutvalet har innsynsrett
- selskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett

Vurdering

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk *er* risiko.

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til kjerneverksemda, t.d. krav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som utfører lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester.

Det kan og vere risiko knytt til selskapet si etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigar. Slike retningslinjer kan t.d. handle om berekraft og anna samfunnsansvar,

korrupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering, personvern, HMS, anskaffingar vere risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av dotterselskap også eit aktuelt tema.

Forvaltningsrevisjon i selskap med fleire eigarar bør gjennomførast for eigarane i fellesskap.

Kontrollutvalet/revisor har ikkje innsynsrett i selskap med private og statlege medeigarar. Vi legg til grunn at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon i slike selskap. Manglande innsynsrett er ein risiko i seg sjølv, og desse selskapa er sjølv sagt aktuelle å ta med i ein eigarskapskontroll.

Vedlegg 1: Oversikt over selskap

Selskap der kontrollutvalet har innsynsrett

Selskap	Selskapet sitt formål (forkorta/omskrive)	Eigardel	Deltakarar og (kontorkommune)	Vurdering av generell risiko
Telemark Lys AS Har dotterselskap	Skal medverke til å få fleire i arbeid, ved å ta i bruk tidsaktuelle verkemiddel og metodar. Selskapet har eit ikkje-økonomisk formål.	100%	Fyresdal	Risiko knytt til måloppnåing, drift og konsernstyring.
Vest-Telemark kraftlag Holding AS Har dotterselskap	Eige dotterselskap innan energi, tenestyrting -merkantile tenester til dotterselskap.	19 %	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal og Nissedal (Høydalsmo/Tokke)	Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i dotterselskapa.
Sør-Øst 110 AS	Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralar.	0,2%	Mange kommunar	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Renovest IKS	Renovasjon	10%	Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid og Fyresdal	Risiko knytt til måloppnåing, renovasjonsordning, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark brannvern IKS	Brann og redning, tilsyn	10%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Tokke)	Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark Pedagogisk Psykologis Teneste IKS	PP-teneste – sakkunnige vurderingar, systemretta arbeid for barnehage og skule.	10%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, drift, selskapsstyring.
Konsesjonskraftstyret i Telemark KO	Konsesjonskraftomsetjing	11,11%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skien)	Fyresdal går ut av selskapet frå 2026.

Risikovurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 | Fyresdal kommune

Selskap	Selskapet sitt formål (forkorta/omskrive)	Eigardel	Deltakarar og (kontorkommune)	Vurdering av generell risiko
Kraftkompetanse KO	Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvaltning av naturresursar	5%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)	Drift av arkiv	0,8%	Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR)	Regionalt distriktspolitisk samarbeidsorgan	Etter folketal	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Kviteseid)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Registrert som §27-samarbeid i Brønnøysundregisteret.
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS (Vetaks)	Sekretariatstenester til kontrollutval	1,0%	Telemark fylkeskommune, alle kommunane i Telemark unntatt Skien, Vestfold fylkeskommune, alle kommunane i Vestfold, Agder fylkeskommune, fleire kommunar i Agder. (Bø/Midt-Telemark)	-
Vestfold og Telemark revisjon IKS	Revisjonstenester til eigarkommunane mm	1,6%	Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)	-

Selskap der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett¹¹

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Fyresdal Næringshage AS	Legge til rette for grunderar og vera ein aktiv aktør i arbeidet med å etablere og utvikle høgkompetansesarbeid i regionen. Selskapet har ikkje økonomisk vinning som føremål.	36,67	Fyresdal og private aktørar
Vest-Telemark næringsbygg AS Har dotterselskap	Styrking og vidareutvikling av næringslivet i regionen	14,76 %	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal, Hjartdal, private (Kviteseid)
Skien Dalen Skipsselskap AS	Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget	0,1%	Skien, Nome, Kviteseid, Tokke, Nissedal, Fyresdal, Vinje, Telemark fylkeskommune, fleire private reiselivsaktørar
Telemark bilruter AS Har dotterselskap	Drive persontrafikk, varetransport og elles anna som har samanheng med dette.	7,87%	Fyresdal, Seljord, Tokke, Vinje og private aktørar.
E134 Haukelivegen AS	Arbeide for vegutbygging	2,2%	Mange kommunar og fylkeskommunen, private (Vinje)
FN Eigedom AS	Eit eigedomsselskap som har som målsetting å eige og drifte næringsbygg i Fyresdal.	48,86%	Fyresdal og private aktørar
Vest-Telemark blad AS	Avis	3,71%	Kommunane i Vest-Telemark, private

¹¹ Aksjeselskap med private eller statlege medeigarar, jf. avgrensing av innsynsretten i kommunelova § 23-6 første ledd bokstav d).

Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Telemark innkjøpssamarbeid KO (TIS)	Etablering av felles rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Gjennomføre innkjøpsprosessane i samarbeid med deltakarkommunane.	Kommunalt oppgåvefelleskap	Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke	Midt-Telemark
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Barnevernteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Kviteseid
NAV - sosialteneste	Sosialteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Tokke
Interkommunal psykologteneste	Psykologteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Rask psykisk helsehjelp	Helseteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Vest-Telemark driftssenter	IT-drift	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Vinje



På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

24: 4028 400